Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28. | Fylke: Vest-Agder
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Laudal
Emne: Mjølk | Bygdelag:
Oppskr. av: T. A. Steinsland. | Gard:
(adresse): Laudal | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.

I gamal tid blei sur mjölk (tjukk-mjölk) mykje meir bruka enn nå.

Dette hadde sine gode grunnar. Dei hadde ikkje seperatorar. Den nysila mjölka laut silast i trekoller eller steinfat (av brend leir) Så laut ho stå i ro til flöyten hadde flote opp. Då var mjölka sur (tjukk) Denne mjölka blei mykje nytta, attåt maten, til (attåt) graut, til soll og til tyrstedrikk.

„Epla og mjelk" (poteter og mjölk) var mykje vanleg mål. Ein åt kokte poteter og drakk mjölk til. Eller ein la dei kalde, kokte potetene på omnen og steikte dei der, og så drakk surmjölk til.

Ein brukte og mykje å sylla (leggja) varme poteter i surmjölk eller og kalde poteter i varm „slökl" (oppvarm surmjölk som skil seg i öst og myse) Slik potetsoll kalla ein „pottsoll".

Då seperatorane kom i vanleg bruk, sirka 40 år sidan, kom skumma sötmjölk meir i bruk.

5416

Mjölk blir mykje bruka her i byg-
-da, truleg like mykje nå som før.
2.
Ein brukar mjölk som leskedrykk,
søt mjölk, men og mykje skumma og
sur.
3. Før drakk ein ofte „blonna“, ser-
-leg i varmen. Altså blanding av vatn
og mjölk, serleg kinnemjölk eller av
blenVg.
Kinnemjölk nyttast nå og my-
-kje, både til tyrstedrikk, attåt mat og
serleg til flatbrödsoll med litt suk-
kar på. „Blonna“ brukar ein mest aldri
nå.
4. Øl har vore lite nytta til kvar-
-dagsdrykk. Einast kunne vera i var-
-maste slåtte onna. Ein brygg a malt-
øl (helst tunt) hadde kaggar (dunkar)
ståande i kjellar eller i ei „oppkomskjelda“
så det kunne halda seg friskt og kaldt.
Ellers var maltölet högtidsdrikk til jul,
bryllaup, barnsöl o. m.
Nå er maltölbrygging så å seia heilt
slutt. Men ein og annan lagar litt
tondebrygg til högtidene, og også til kvar-
-dagsbruk.
5) Kaffi har vore kvardagsdrikk lenge
ja, vore brukt så å seia i kvarmans
hus i over 100 år, serleg av eldre folk.
6.) Nå er det vanleg med kaffi to gonger
om dagen, til morgons og til kaffitid,
klokka 16 (Kl. 4 e. m.)
7. Vanleg har det vore å ha grovmalen
kaffi på kjelen når vatnet kokar.

5416

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Nå er det mykje vanleg å ha kaffien
på med same. Når han så kokar opp,
tek ein kjelen av og let han „trekka" ei
stund. Mange brukar klåreskinn, så
kaffien skal bli klar og fin. Salt og egge-
-skal har ikkje vore i bruk, og heller ikkje
salt i kaffien.

Før spådde dei i kaffigrut. Men nå er
dette så å seia slutt.

9. Det er ikkje vanleg å ha sukker i kaf-
-fien til kvardags, endå det er nokså
mange som brukar det. Til fest er suk-
-ker vanleg. Til kvardags brukar ein pud-
-ersukker (farin) og til fest stykkesukker
(rafinade)

10. Fløyte i kaffien brukar dei fleste.
Vispa egg i kaffien er bitte lite brukt her.
Det er berre einskilde som har brukt dette,
når kaffien skal bli sers fin.

11. Te er ikkje kvardagsdr. men blir nok-
-så ofte bruka til fest og høgtid.
Heimelaga te av salvie eller karve blir
også brukt, men sjeldan.

12.
Brennevin brukte ein mykje meir
før enn nå, til høgtid, barnsøl
bryllup, gravøl. Til kvardags blei det
bruka som medisin og elles til stimulans
i tungt arbeid, slåttinn, fløting av tømmer,
og for å få mod - t.d. ved slakting.
Dette førde ofte til dyreplaging når heil
fulle eller påverka folk skulle til
med slikt arbeid!

Nå har mykje av bygdefolket
mist trua på brennevinet. Dei

5416

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ser og skjönar at brennevin er noko styggedom som det gjeld å kvitta seg med.

13.) Nyare drykk, slik som brus, selters, blir det brukt ein del av, sär-legi i sumarvarmen.

Kjöpeöl, så som eksport, pils og slikt blir lite brukt.

5416
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING